



Planstrategi 2024-2028

Planprogram ved revisjon av kommuneplanen

HJELMELAND KOMMUNE

HØYRINGSFRAMLEGG KOMMUNESTYRET 13.6.24 sak 25/44

1 INNLEIING	4
1.1 Lovgrunnlaget:	4
Plan og bygningsloven	4
Folkehelseloven	5
Bustadsosial lov	5
Grunnlova sin paragraf om born sine rettar	5
Lov om kommunal beredskapsplikt	5
Lov om likestilling og diskriminering	5
1.2 Regionale og statlege føringar	6
Nasjonale og internasjonale føringar	6
Regionale føringar	6
1.2 Gjeldande visjon og mål i kommuneplanen 2019-2031	7
Visjon: Hjelmeland Naturlegvis	7
Hovudmål: Jobb og attraktivitet	7
Satsingsområde	7
2 UTFORDRINGSBILETET	8
2.1 FN sine berekraftsmål	8
2.2 Utviklingstrekk på nasjonalt og internasjonalt nivå	8
Klimafokus	8
Naturfokus	9
Frå korona til krig	9
2.3 Folketalsutvikling 2020-2024	9
2.4 Næringsliv	10
Landbruk	10
Akvakultur	10
Tenesteyting	11
Reiseliv	11
2.5 Det kommunale tenestetilbodet	11
3 ARBEIDET MED PLANSTRATEGI	12
3.1 Prosess	12
3.1.1 Førebuing av prosess	12
3.1.2 Innføring av ny programvare for planarbeid	12
3.2 Medverknad	12
Arbeidsseminar «HJELMELAND 2036»	12
4 PLANPROGRAM	14

4.2 FN sine berekraftsmål.....	14
4.3 Organisering av planarbeidet.....	17
4.4 Prosess og medverknad	17
4.5 Framdriftsplan.....	19
4.6 Utreiingsbehov i planfasen.....	22
4.7 Tilleggsmoment ved behandling i kommunestyret 13.6	22
5 PRIORITERING AV PLANARBEID	24

1 INNLEIING

[Gjeldande planstrategi](#) vart vedteken i 2020, og gjeld for perioden 2020-2023.

Gjeldande planstrategi legg opp til at ein skal starta opp revisjon av kommuneplanen frå 2019 i 2023. Ein del anna planarbeid vart også prioritert, noko er ikkje starta opp, og ikkje alt er slutført. Det skuldast m.a. at nye oppgåver er komne til, men også at planstrategien framleis ikkje vert tillagt like stor vekt politisk og administrativt.

KS tilrår i eit pilotprosjekt at politikaropplæring, arbeid med planstrategi og arbeid med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel bør sjåast på under eitt i starten på kommunestyreperioden. Dette for at kommunestyret skal kunne forma sine eigne målsettingar for kommunen tidleg. Ved å slå saman planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, legg ein opp til det.

Kommunestyret vedtok i sak 104/23 2.11.23 å gå vidare med planstrategi/planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel etter modellen ovanfor.

Men ein kommune handlar også innafor nasjonale og regionale rammer, og nytt planprogram og revidert kommuneplan må avspeгла dette. Dette gjeld ikkje minst omsyn til klimautslepp, klimatilpassing, naturmangfald, berekraft og beredskap.

I underkapitla her vert lovgrunnlaget, gjeldande kommuneplan og regionale/statlege føringar nærare omtalte.

1.1 Lovgrunnlaget:

Plan og bygningsloven

Planstrategien er ikkje ein plan – eller ein strategi – men eit verktøy som skal setja ramme for kommunen si eiga planlegging. Planstrategi – sjå. Planstrategien skal, i tråd med [plan og bygningsloven kap. 10](#), peika ut kva me må ta omsyn til i kommunen si planlegging, og kva føringar som gjeld. I tillegg skal planstrategien drøfta utfordringar for den langsiktige samfunnsutviklinga og vurdera behovet for å revidera kommuneplanen. Hå oss er det i forkant av planstrategien avgjort at kommuneplanen skal reviderast.

Når ein fyrst prøver å definera kva planstrategien er meint å vera, finn ein det nyttig å minna om kva sjølve kommuneplanen skal vera, jamfør [plan og bygningsloven kap. 11](#):

11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder [§§ 11-12](#) til [11-15](#).

Me ser at dei to dokumenta har ein del fellestrekk. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera hovuddokumentet, og det er difor nyttig å sjå på desse to samstundes.

Folkehelseloven

[Folkehelseloven §§ 5 og 6](#) krev at kommunen skal ha naudsynt oversikt over kommunen si helsetilstand, i samband med ny planstrategi. Eit slik dokument er utarbeidd og ligg ved.

Bustadsosial lov

Nytt i 2023 er at [Lov om kommunen sitt ansvar på det boligsosiale feltet](#) har krav til innhald i planstrategien og kommuneplanen, jamfør § 5:

Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter [plan- og bygningsloven § 10-1](#). En drøfting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter [plan- og bygningsloven kapittel 11](#) fastsette overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.

Det er gitt overgangsreglar slik at kravet ikkje slår fullt inn før i 2027. Kommunen har pr i dag ein bustadsosial plan frå 2016, og ein bustadstrategi frå 2023. Lovkravet blir innarbeida i strategien ved prioriteringa av planoppgåver i perioden (kap 5)

Grunnlova sin paragraf om born sine rettar

Det offentlege sitt ansvar når det gjeld omsyn til born: [Grunnloven § 104, 2.ledd](#) om born sine rettar i samfunnet. [Jamfør kommuneloven § 13-1, 3. ledd](#). Konsekvensar (fordeler og ulemper) for barn skal belysast – det skal skje på systemnivå.

Lov om kommunal beredskapsplikt

Det er i tråd med [lov om kommunal beredskapsplikt](#) utarbeidd heilskapleg ROS for kommunen og tilhøyrande beredskapsplan, jamfør [kap. 5](#).

Lov om likestilling og diskriminering

Alle skal ha like høve til personleg utvikling, deltaking i samfunnet og livsutfalding - uavhengig av funksjonsevne. Eit samfunn der alle kan delta er eit grunnleggjande prinsipp i berekraftsmåla, og samfunns -og arealplanlegging er eit viktig verktøy for å oppnå dette, jf [lov om likestilling og diskriminering kap 3](#).

Universell utforming er bygget på dei sju prinsippa: Lik moglegheit for bruk, intuitivitet, forståelig informasjon, låg fysisk og sosial anstrengelse og støtte av likestilling og integrering.

Desse prinsippa gir ei rettleiing og eit rameverk for planleggarar, arkitektar, designar o.a. som skal sikre at deira prosjekt og tenester er tilgjengelege og brukarvennlege for alle uavhengig av alder, størrelse, funksjonsevne eller bakgrunn.

Dette handlar definitivt om meir enn tilrettelegging for rullestolbrukarar. Og det handlar om at universell tenking skal inn som eit premiss ved planlegging, ikkje noko som ein "heng på" etterpå. Døme;

3: Enkel og intuitiv bruk. Designet er enkel å forstå, uavhengig av brukarens erfaring, kunnskap, språkferdighet eller konsentrasjonsnivå.

(Døme- Planlegging av busshaldeplass- tydlege, enkle symbola, skilt og fargekoder for å gjere det enkelt å navigere og forstå informasjonen)

4: Forståeleg informasjon. Designet skal formidle nødvendig informasjon, uavhengig av omgjevnadar eller brukaren sine sensoriske evner.

(Døme- Utforming av vegkryss. Godt synlege skilt, lydsignaler, taktile felt).

Loven om likestilling og diskriminering som Hjelmeland kommunen legger til grunn for utarbeiding av planer og strategi krev ikkje kun fysisk tilgjengelegheit men inkluderer korleis design og gjennomføring kan bidra til personleg utvikling (td høve til å delta aktiv og effektivt), samfunnsdeltaking (forståeleg informasjon tilgjengeleg for alle) og livsutfolding

1.2 Regionale og statlege føringar

Stat og fylkeskommune har klare forventningar til tema og innhald i kommunal planlegging

Nasjonale og internasjonale føringar

[Regjeringens forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - KS](#) tek for seg fem tema:

- a) Samordning og samarbeid i planlegginga
- b) Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- c) Velferd og berekraftig verdiskaping
- d) Klima, natur og miljø for framtida
- e) Samfunnstryggleik og beredskap

[Parisavtalen](#) er den internasjonale klimaavtalen som handlar om korleis landa i verda skal takle klimakrisa framover. Avtalen vart vedteken i 2015 under FN sitt klimatoppmøte i Paris, og er juridisk bindande.

Gjennom [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) er det sett krav til at kommunane gjennom planlegging skal stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir betre tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

[Naturavtalen](#) er den internasjonale avtalen om natur og naturmangfald som vart signert i Montreal i 2022. Norge har slutta seg til denne og forpliktar seg til i større grad enn før å ta vare på naturen. Hjelmeland kommune vil følgja dette særleg opp ved å utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald som lekk i arbeidet med kommuneplanen. Det er etter søknad gitt tilsegn om statleg støtte til dette arbeidet.

Regionale føringar

Fylkeskommunen har også forventningar, desse er nedfelte i ulike [regionale planar](#).

Særleg aktuelle er:

[Utviklingsplan for Rogaland - regional planstrategi 2021-2024](#)

[Regional plan for Ryfylke 2017-2030](#)

[Jordvernstrategi for matfylket Rogaland](#)

[Regionalplan for grønn industri](#)

[Regionalplan for kulturmiljø 2023 - 2035](#)

1.2 Gjeldande visjon og mål i kommuneplanen 2019-2031

Visjon: Hjelmeland Naturlegvis

Gjeldande visjon er Hjelmeland Naturlegvis. I inneverande periode er denne visjonen brukt meir aktivt i profilering av kommunen, og som overskrift på eit eige prosjekt. Prosjektet er etter kvart utvikla seg til å bli eit konsept. «Hjelmeland Naturlegvis» har fått eigen logo, nettside og facebookside. «Hjelmeland Naturlegvis» har vore overskrift for Hjelmeland sin stand på Glamat i 2022 og 23, ei satsing med suksess. Kanskje «baksida» av dette er at ein lett kan gløyma at visjonen skal vera overskrift for heile den kommunale verksemda?

Hovudmål: Jobb og attraktivitet

Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Satsingsområde

1. Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet
2. Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og der reiseliv vert særskilt vektlagt
3. Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling

2 UTFORDRINGSBILETET

2.1 FN sine bærekraftsmål



[FN sine bærekraftsmål](#) er grunnlaget for nasjonal og lokal satsing i Noreg. Desse bærekraftsmåla skal vera generell basis for både planstrategi og planprogram i Hjelmeland. Utfordringsbilete og strategiske val må sjåast i lys av desse. I planprogrammet for (kap 4) er det skildra kva bærekraftsmål ein vil leggja ekstra vekt på i samband med arbeid med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

2.2 Utviklingstrekk på nasjonalt og internasjonalt nivå

Klimafokus

Aukande fokus på bærekraft og klima er eit klart teikn i tida. Klimafokuset har også utvida seg til å gjelda det å ta vare på natur (Naturkonvensjonen underteikna 2023), og å tenkja miljø i alle ledd. Kommunen er i ferd med å sertifisera seg som miljøfyrtårn saman med mange bedrifter i kommunen. Utsleppsfrie ferje er på plass, og det fyrste rutegåande hydrogenfartøyet i verda er i drift. Omlagginga til elbil har gått seinare i ein landkommune som Hjelmeland, men kjem no for fullt.

Fokus på tettstadsutvikling og eit aldersvenleg samfunn er andre nasjonale satsingar som også er viktige for Hjelmeland. Gjennom arbeidet med Vågen360 og områdeplan for sentrum er det lagt til rette for ei framtidretta utvikling.

I desember 2020 gjekk det eit kvikkleireras i Gjerdrum kommune på Austlandet, med fleire omkomne. Raset sette ytterlegare søkjeljos på dette med førebyggjande beredskap. Det er ei utfordring i arealrike kommunar som vår at naturfare og naturmangfald i for liten grad er kartlagd. Dei som vil byggja ut møter då tøffe krav til utgreiing i samband med dei tiltaka dei vil i gong med, noko den enkelte

utbyggjaren kan oppleve som urettvist. Her i Hjelmeland vart Heilskapleg ROS oppdatert i desember 23 (kommunestyresak 188/23)

Naturfokus

Klimafokus er følgd opp av naturfokus. På same vis som ein viser til Parisavtalen frå 2015 når det gjeld bindande mål for klimaklima, er det [FN sin naturavtale](#) frå Montreal 2023 som skal leggjast til grunn for arbeid med å ta vare på naturen.

Frå korona til krig

Siste kommunestyreperiode var i fyrste del sterkt prega av koronautbrotet våren 2020. To år seinare braut det ut krig mellom Russland og Ukraina, og det internasjonale biletet endra seg drastisk. I tillegg førte det til ein straum av flyktningar m.a. til Noreg og Hjelmeland. Samstundes gjorde dette noko med den internasjonale energisituasjonen, og prisen på norsk straum for til himmels. Pr april 2024 er det pågåande krigar fleire stader i verda, med fokus på Gaza. Den internasjonale situasjonen fører til meir fokus på beredskap, inkludert matvareberedskap og satsing på forsvaret.

2.3 Folketalsutvikling 2020-2024

Årstal	Folketal pr. 01.01.	Fødselsoverskot	Flytteoverskot
2020	2540	- 10	+ 16
2021	2534	+ 5	- 51
2022	2580	+ 3	+ 82
2023	2619	+ 1	+ 23
2024	2643	-	-

Tabell som viser utviklinga i folketalet dei siste fire åra.

Frå 01.10.2021 har utviklinga gått i pluss, men marginane er små. Innvandring frå Ukraina har gjort at plussen nok er større enn ein elles kunne venta.

På grunn av at Hjelmelandsbiten av Ombo gjekk til Stavanger frå januar 2020, falt folketalet frå 2019 til 2020 med rundt 90 personar. Tala frå 2020 tek utgangspunkt i "ny" og mindre kommune. Årleg er det etter måten stor inn og utflytting frå kommunen (rundt 5 %).


SSB sine spådommar seier at me i 2050 vil ha vel 2500 innbyggjarar, og andel eldre vil auke. Denne tabellen tek utgangspunkt i 2535 innbyggjarar i 2025, noko som kan sjå ut til å vera feil med utviklinga dei siste fire åra. At tal eldre vil auka er i tråd med utviklinga elles i landet.

Pr 1.1.24 etter er andelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarbakgrunn 20,39%, eller 539 personar. Tilsvarande andel i nabokommunane Strand, Suldal og Sauda er mellom 13 og 15%. Stavanger og Sandnes ligg på 25%.

I forhold til målsettinga i kommuneplanen, så har me i inneverande periode lukkast med vekst i folketalet. Det er pr 1.1.24 103 fleire innbyggjarar enn 1.1.2020. Veksten er likevel ulikt fordelt rundt om i kommunen., noko SSB sine tal for grunnkrets viser. Mæle grunnkrets auka frå 245 til 296 i denne perioden, Hjelmen med sirka 30. Dei fleste utkantkretsane har med enkelte unntak hatt stagnasjon eller nedgang i folketalet i same periode.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Tabellen viser befolkningen i Hjelmeland fordelt på alder og kjønn pr 1.1.24.

Vi ser det er fleire menn enn kvinner unntatt i dei aller eldste aldersgruppene. Vi ser der er særleg store kull i alderen 55-75år, noko som betyr ein forventa vesentleg auke i dei eldste aldersgruppene i kommuneplanperioden. Mindre barnekull gir utfordringar for eksisterande skule og barnehagetilbod.

2.4 Næringsliv

Generelt har det vore ei positiv utvikling i næringslivet, korona til tross. Det er aukande etterspurnad etter arbeidskraft, og det er rette søkelys på mangel på bustader til bygging, kjøp eller leige.

Landbruk

Landbruket har både nasjonalt og lokalt hatt ein tøff periode med stor kostnadsvekst. Tal bruk som søker produksjonstilskot har gått ned. På grunn av krav om lausdrift i 2034 risikerer ein at fleire av dei 27 mjølkebruka som er att, går ut av produksjon. På pluss-sida vil ein peika på den store satsinga på frukt og foredling av denne. I 2020 vart den fyrste flaska med sider seld i kommunen. I dag er det der mange prislønte produsentar og stor aktivitet på den fronten.

Akvakultur

Akvakultursatsinga held fram. I starten på perioden opna Tytlandsvik aqua sitt landbaserte anlegg; i skrivande stund er også Årdal Aqua i byggefasen. Det er stor aktivitet i sjøanlegga, og pr dato er rundt 120 personar sysselsette i slakting og vidareforedling av laks. Med auka bruk av postsmolt (stor smålaks før utsetting i sjø), er det forventa produksjonsvekst.

Tenesteyting

Tenesteyting av ulikt slag, ikkje minst innafor byggfaget representerer viktige arbeidsplassar. Ein del av dette er som servicebedrifter til dei store næringane landbruk og akvakultur, ein del går på finans og butikkdrift.

Reiseliv

Når det gjeld overnattingshøve er det ein del utleige via private kanalar, men det er færre enn før som har noko større kommersielt omfang. Innan serveringsbedrifter og lokalmat skjer det mykje spennande. Kommunen har henta prisar på Gladmatfestivalen i Stavanger. Det er satsa på utvikling av turstiar, og det er etablert bubiloppstilling fleire stader. Eit enklare overnattingstilbod i form av glamping og små, enkle hytter er aukande. Det er satsa på sommarutstillingar og marknadsdagar med lokalmat samt forsøk med cruisetilbod på fjorden.

2.5 Det kommunale tenestetilbodet

På bakgrunn av befolkningsutviklinga (sjå graf i kap 2.1), har det blitt sett fokus på korleis ein bør rigga det kommunale apparatet til å møta ny utfordringar. Kommunestyret vedtok i februar 2024 å arbeida vidare med modellen [«Innsatstrappa» som er utvikla av Agenda Kaupang](#). Her er det vektlagt tidleg innsats på alle plan, og attraktive lokalsamfunn er alltid det fyrste trinnet. Øvst i trappa er heildøgns institusjonstilbod, det dyraste og mest ressurskrevjande tiltaket kommunen kan setja inn. For å ha nok pengar og hender, er det eit mål å satsa tungt på dei lågaste trinna. Levande nabolag og gode tettstader er viktige element. Her krevst innsats på tvers av avdelingane og samarbeid med næringsliv og frivillig sektor.

Det skal utarbeidast ei innsatstrapp tilpassa Hjelmeland. Denne skal utviklast gjennom ein involverande prosess, med oppstart våren 2024.



Over: Døme på innsatstrapp

3 ARBEIDET MED PLANSTRATEGI

3.1 Prosess

3.1.1 Førebuing av prosess

Kommunestyret 19-23 vedtok i førre planstrategi at arbeidet med revisjon av kommuneplanen skulle starta opp siste året i perioden. Ein måned før valet i 23 vedtok formannskapet at det skulle leggjast til rette for utarbeiding av planstrategi og program for kommuneplanrevisjonen saman med opplæringa av det komande kommunestyret. Det var gjennomført to møte med gruppeleiarane der dette var tema, og der kommunen sine utfordringar framover vart drøfta. Etter valet var det lagt fram ei sak for kommunestyret i november, som då vedtok vidare prosess for arbeidet. Der vart det også vedteke at kommunestyret gjennomføra eit arbeidsseminar om temaet tidleg januar. Dette vart gjennomført 9.januar som ei dagsamling der også råd for personar med funksjonshindringar, seniorrådet og ungdomsrådet var med.

Planstrategi og revisjon av kommuneplanen har også vore tema i den administrative leiargruppa hausten 2023 og våren 2024.

Parallelt med dette har kommunestyret arbeidd med organisatoriske endringar. 5.februar vart det gjennomført ei samling med formannskapet og utvida leiargruppe der bruk av «Innsatstrappa» , jf figur i kap 2.5 som metodeverktøy var tema. Kommunestyret vedtok seinare at ein ønskjer å gå vidare med utvikling av ei innsatstrapp for Hjelmeland. Innsatstrappa har fokus på tidleg medverknad og gode lokalsamfunn framfor dyre «reparasjonsløyisingar» på øvste trinn.

3.1.2 Innføring av ny programvare for planarbeid

Eit nettbasert planleggingsprogram «Framsikt» vart teke i bruk i mars 2024. Dette skal bidra til større samsvar mellom kommunale planar på ulike nivå, og at desse planane vert meir tydeleg del av handlingsprogram og økonomiplan. I ein overgangsfase kan dette føre til meirarbeid og forseinkingar men på sikt vil det sikra eit heilskapleg planverk. Rundt 160 kommunar i Noreg har pr mars 24 innført Framsikt. Det vert arbeidd aktivt med å få «transformert» kommunale planar inn i dette planleggingsverktøyet. Det vil ta noko tid før dette er på plass og overgangsordningar vil vera nødvendig.

3.2 Medverknad

Arbeidsseminar «HJELMELAND 2036»

Kommunestyret, saman med administrativ leiing og medverknadsråda (ungdomsråd, seniorråd og råd for menneske med funksjonshindring), hadde 9. januar 2024 eit arbeidsseminar. Etter ein del felles innleiingar vart deltakarane utfordra til gruppearbeid. Innføre sektorane oppvekst, helse og omsorg, samfunn og næring, økonomi, organisasjon, HR og beredskap skulle gruppene drøfte ulike spørsmål:

Kva må denne sektoren gjera dei fyrste fire åra for å leggja til rette for at Hjelmeland i 2036

- er eit aldersvenleg samfunn?
- eit berekraftig samfunn (hugs både sosial, miljømessig og økonomisk)
- får ungdomen til å trivast og vekst i folketalet
- blir gode på medverknad

Målet med denne arbeidsforma var å fokusera på at kommunen – trass inndeling i ulike sektorar – likevel skal vera delaktige i å nå nokre felles mål.

Her var mange gode innspel, sjå oppsummert vedlegg. Døme:

- *Invitere dei eldre inn i skulen, for å snakka om t.d. korleis dei hadde det før.*
- *Kople dei eldre og yngre. Få til generasjonstreff.*
- *Kompetanseheve våre egne, i staden for å leie inn ressursar. Kan hende nokon blir overtalig i framtida, då må me omskulera dei til ressursar me har behov for.*
- *Sjå på eldre som ein ressurs. Dei kan brukast inn i oppvekstsektoren. Td fortelje, har mykje kompetanse og livserfaring.*
- *Fleire gang- og sykkelveggar. Betre helse gir betre funksjon så lenge me lev.*
- *Støtteordning for elsykkel.*
- *Satse på kulturskulen, og eit variert fritidstilbod og for dei som ikkje bur i Hjelmeland sentrum.*
- *Shuttlebuss frå bygd til bygd/ungdomstaxi*
- *Ungihelse – ungdom må tidleg bli kjent med jobb høve me har i Hjelmeland kommune (struktur for bedriftsbesøk, o.l.)*
- *Betre samhandling mellom personalavdeling og rådgjevar på ungdomsskulen*
- *Kommunen kan vere med å sponse klassar slik at alle kan delta på ting.*
- *Bra at kommunen har vald å bygge ny ungd.skule. Det var helsefarlig å gå der. Men det blir ikkje meir folk av det. Det er jobb som trekk folk hit.*
- *Viktig at kommunen nytter skulebygget til MEIR enn berre ein skule*
- *Definera kva type oppgåver kan frivillige – frivilligbørs*
- *Frivillige miljøterapeutar*
- *Alternative/tilrettelagte arbeidsplassar*
- *Invitera næringslivet til deltaking i møter, bedriftsbesøk*

4 PLANPROGRAM

Planprogrammet er ein «plan-for-planen», og er ei lovfesta krav.

4.1 Kva skal ein vektleggje i komande kommuneplan – samfunn og arealdel


- Behalde «Hjelmeland naturlegvis» som visjon
- Revidere gjeldande samfunnsdel, men ikkje lage heilt ny då det er mykje verdifullt å vidareføre inn i neste plan
- Fokusere enda meir på attraktive lokalsamfunn, klima og naturmangfald enn i gjeldande plan
- Ikkje utarbeide eigen klimaplan, men innarbeide det i samfunnsdelen. Føringer i samfunnsdelen må vidareførast og vera retningsgjevande for arealdelen.
- Og elles ta utgangspunkt i hovudmåla i gjeldande plan:
 - Trekantsamarbeid frivillige, offentleg og næringslivet
 - Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar
 - Lokalsamfunnsutvikling som gjer det attraktivt å bu i alle bygdene
- Prioritere fram våre viktigaste berekraftsmål kopla mot hovudmåla :
Forslag: 3 god helse, 4 god utdanning, 10 mindre ulikskap, 11 Berekraftig lokalsamfunn, 12 Ansvarleg forbruk og produksjon, 14 Livet i havet, 15 Livet på land og 17 Samarbeid for å nå måla.
- Kople AgendaKaupang-prosjektet til kommuneplanens samfunnsdel.
- Utarbeide arealstrategi gjennom arbeidet med samfunnsdelen
- Bruke arealstrategien til utarbeiding av revidert arealdel
- Prioritere planvask – dvs vurdere behov for oppheving av eldre reguleringsplanar og areal avsett til utbyggingsformål i kommuneplanen

4.2 FN sine berekraftsmål

Som nemnd i kap. 2.1 må utfordringsbilete for kommunen og strategiske val vidare sjåast i lys av FN sine berekraftsmål.

Utgangspunktet for planprogrammet er at ein ønskjer å revidera gjeldande plan, og at ein tek utgangspunkt i gjeldande målsetting og satsingsområde.

Med dette som utgangspunkt har ein sett på kva for berekraftsmål kommunen bør jobba litt ekstra mot. For ein betre samanheng mellom berekraftmåla og kommunen sitt hovudmål og satsingsområda, kan det vera naudsynt å justera litt på desse.



Her kjem forslag til justerte mål og satsingsområde med aktuelle berekraftsmål. Gjennom planarbeidet kan me leggja til fleire aktuelle mål og justera dei som her kjem fram.

Hovudmål: Jobb og attraktivitet

“Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på gode lokalsamfunn, med gode oppvekstforhold, attraktive jobb- og fritidstilbod”

Det er mange forhold som er med å påverkar eit godt lokalsamfunn. At kvardagen opplevast trygg og meningsfull for dei som bur der, og at ein er saman om å skapa dette lokalsamfunnet er ofte ein suksessfaktor. At det er gode muligheter for friluftsliv og naturopplevingar er også viktig for mange. Aktuelle berekraftsmål:

- 3 - God helse og livskvalitet
- 4 – God utdanning
- 10 – Mindre ulikskap
- 11 - Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 14 – Livet i havet
- 15 – Livet på land
- 17 – samarbeid for å nå måla

Satsingsområda:

“Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet.”

Når næringsliv, frivillig sektor og offentleg sektor jobbar på tvers og ser ting i ein større samanheng kan ein oppnå meirverdi for alle. Folketalet er ein kritisk faktor både på grendnivå og på

kommunenivå. Me treng rekruttering både til bumiljø, næringsliv og frivillig verksemd. Ein har positive erfaringar med involvering av fleire partar og vil byggja vidare på det.

Aktuelle berekraftsmål:

- 3 – God helse og livskvalitet
- 11 - Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 17 - Samarbeid for å nå måla

“Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og med fokus på berekraft.”

All framtidig næringsutvikling må vera berekraftig, både i forhold til klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Difor seier det seg nesten sjølv at ein må fokusera på det.

Næringslivet i Hjelmeland er i stor grad basert på naturressursane me ha i kommunen. Difor er det særst viktig at ein får til ei berekraftig forvaltninga av desse ressursane.

Vikdare er det viktig å utvikla ein breidde i næringslivet slik at det er mulighet for relevant arbeid for ulike utdanningsnivå og innafor ulike fagfelt.

Aktuelle berekraftsmål:

- 10 – mindre ulikskap
- 11 Berekraftige byer og lokalsamfunn
- 12 Ansvarleg forbruk og produksjon
- 14 – Livet i havet
- 15 – Livet på land

“Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling.”

Dette målet må omformulerast noko då kommunen i framtida neppe vil vera i stand til å tilby alle tenester alle stader, slik enkelte tolkar formuleringa i dag. Fleire eldre og færre arbeidsføre hender gjer at det reknestykket ikkje går heilt opp. Ny formulering kan til dømes vera “byggja og bu i kommunen”. Samstundes er lokalsamfunna like viktige framover: Det må vera nok folk til å kunne ivareta viktige nabolagsfunksjonar og brukarar av viktige fellestilbod som t.d. butikk eller fritidsaktivitetar i nærområdet. Dette også for å unngå for mykje transport.

Aktuelle berekraftsmål:

- 3 God helse og livskvalitet
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 17 Samarbeid for å nå måla
- 4 Utdanning

4.3 Organisering av planarbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den overordna planen som heile organisasjonen skal ha som overskrift for si verksemd, sjølv om fagfelte varierer veldig. Å få til interesse og lagspel der alle deltakarane ser seg sjølv som del av ein felles innsats for å oppnå kommunen sine mål, er utfordrande for både administrasjon og politikarar. Organiseringa vektlegg å ha sterk politisk involvering tidleg i arbeidet med å utforma plandokumenta

ROLLE	KVEN GJER DET
Mandat og vedtak	Kommunestyret
Politisk styringsgruppe/ Kommuneplanutvalget	Formannskapet
Politisk referansegruppe	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Seniorrådet Ungdomsrådet Areal-og forvaltningsutvalet
Administrativ styringsgruppe	Kommunedirektør med leiargruppe : - Samfunn/Næring - Helse og omsorg - Oppvekst + -Plan- og forvaltningssjef
Administrativ arbeidsgruppe	Leiar Plan-og forvaltning koordinerer planarbeidet SLT- og folkehelsekoordinator Rådgjevar oppvekst Rådgjevar Helse og omsorg Rådgjevar Landbruk og næring Rådgjevar Arealplan Rådgjevar HMS og beredskap Rådgjevar økonomi
Administrativ ressursgruppe /informasjon/medverknad	Fagleiar kundesenter Rådgjevar digitalisering Bibliotek (workshop, lavterskel medverknad) Andre aktuelle ved behov

4.4 Prosess og medverknad

Kommuneplanprosessen skal skje med openheit og medverknad både frå tilsette i organisasjonen, folkevalde, fastbuande innbyggjarar, fritidsbuande, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar.

Medverknadsarbeidet starta alt hausten 2023 med politisk involvering ift utfordringar og mål. Vidare følgd opp i januar 2023 med ei større samling: Temadag kommuneplan Høiland gard, der alle utvala var representert, fagforeining og dei ulike avdelingane i kommuneorganisasjonen.

Sommaren 2024 legg ein opp til ei **innbyggjarundersøking**:

[Borgerundersøkelsen 2024 Sentio Research Norge.](#)

Det er ulike grader for medverknad: informasjon, kommunikasjon, dialog og involvering.

Det er ei utfordring å nå fram med budskapet om ein kommuneplanrevisjon. Ein slik prosess er både stor, kompleks og lang, og det er ei utfordring å få folk flest til å «henge med» undervegs.


Me må ha fokus på å nå alle innbyggjarar, bruke klart/forståeleg språk, gjere det er enkelt å kome med innspel. Me utarbeider ein intern «medverknadsplan» som definerer kva som må til av informasjon og/eller medverknad til dei ulike tidspunkt i prosessen, og kven som deltar.

Nedanfor er ei forslagsliste av medverknadstiltak – her må ein prioritere og velje ulike tiltak på ulike tidspunkt i prosessen etter kva grad av medverknad som er aktuelt:

- Aktiv politisk involvering, sjå framdriftsplan kap 6.
- Folkemøter, med politisk deltaking sjå kap 6.
- Digital streaming av folkemøtene eller
- Kombinert «Hybridmøte» Teams/live: då kan alle delta i arbeidsgrupper. Då kan me lettare nå ut til folk som ikkje er busett i kommunen
- Bygdaråda som viktige medspelarar ift lokalsamfunna. Rundt i grendene, Når?
- Grendemøter eller «Vaffelkafè: lokale møter i alle grendene med reelt merknadsopplegg
- Bør me innhente prosesskompetanse ? Tips Distriktssenteret.
- Målretta informasjon på kommunen si nettside – linka mot sosiale media
- Foto, videosnuttar/ med litt humor? Facebook og instagram
- Lokalavisa Strandbuen
- «Open kontordag» - Ordføraren på biblioteket el.l
- Stand på Ryfest sept 24 Stand på Frivilligforum, hausten24
- Borgerundersøking v Sentio Research. SMS-spørsmål el anna digital kommunikasjon?
- Enkle digitale løysingar for å kome med innspel. Lage enkle skjema
- Arbeidsverkstader med td frivillige lag/organsiasjonar, næringslivet el.a
- Regionalt planforum - dialog med eksterne myndigheiter.
- Gjestebod : uformelt diskusjonsmøte arrangert av innbyggjarar sjølv etter ein oppsett metodikk: kan gje innspel frå personar som kanskje ikkje deltar på td folkemøter
- Ha fokus på nyttilflytterar frå inn og utland; obs ift både språk og kultur.
- Informasjonsflyt og medverknad tilsette i alle avdelingar i kommunen
- Mangfaldig bustadtilbod
- Oppdatering av senterstruktur – har Hjelmeland ein forventningsavklarande senterstruktur? Kva funksjonsblanding og utbyggingsstruktur gir best og ønskja stadutviklinga for heile kommunen

4.5 Framdriftsplan

Det blir lagt opp til snarleg og effektiv revisjon av kommuneplanen. Difor er planprogrammet både for samfunnsdelen og arealdelen integrert som ein del av denne planstrategien. Samfunnsdelen blir revidert først. For å få ein påfølgjande effektiv revisjon av kommuneplanens arealdel, legg ein opp til at samfunnsdelen skal innehalde arealstrategi.



Første store milepæl er å få vedtatt planstrategien og planprogrammet innan eit år etter konstituering av Kommunestyret, dvs september 2024

Deretter legg ein opp til oppstart av revisjon av Kommuneplanens Samfunnsdel direkte etterpå, dvs oppstart september 2024. Gjennom samfunnsdel-prosessen skal ein òg meisle ut ein arealstrategi. I prinsippet skal den virke som politisk føring for den påfølgjande arealdelen, med oppstart august 2025. Målet er at arealstrategien skal vere såpass tydeleg og godt forankra at det vil lette/forenkle utarbeiding av kommuneplanens arealdel. Difor legg framdriftsplanen opp til at den kan vedtas på under eitt år, dvs vedtak juni 2026.

MILEPÆL	TIDSAKSE
Innspel frå politiske parti Utfordringar og muligheiter	Hautst 2023

Utfordringsbildet Bakgrunnsdokumentasjon	Hausten 2023
Temasamling politisk – administrativt Høiland Gard	9. januar 2024
Bearbeiding av politiske innspel/signal Utarbeiding av planstrategi Utarbeiding av forslag til planprogram	Januar- April 2024
Dialogmøte med Statsforvaltar, Fylkeskommune	April 2024
Arbeide med kunnskapsgrunnlaget	Mars – juni 2024
Legg fram forslag til planstrategi/planprogram til administrativ styringsgruppe	Veke 17 medio april 2024
Ungdomsrådet informasjon	14 mai 2024
Formannskapsmøte: arbeid med Agenda Kaupang Kommunestyremøte inkl dei andre politiske utvala (Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Seniorrådet): orientering om Agenda Kaupang og om forslag til planstrategi/planprogram	15.mai 2024
Seniorrådet sak	22.mai
Råd for menneske med nedsett funksjonshindring – orientering, sak	22.mai
Formannskapet vedtar forslag til planstrategi/planprogram	4. juni 2024
Kommunestyret vedtar høyringsutkast til planstrategi med planprogram	13. juni 2024
Kunngjering av planstrategi/planprogram Varsel om oppstart kommuneplanprosess Informasjon om Borgerundersøkelsen2024	Ila av veke 25 -medio juni 2024
Offentleg ettersyn planstrategi/planprogram Minimum 6 veker	Høyring fram til 15. august 2024
Vurdering av innspel/merknader	Juli-august 2024
Borgerundersøkelsen 2024 Digitalt	Juni – medio september 2024
Formannskapet behandlar endeleg forslag planstrategi og planprogram	27. august 2024
Kommune-stand på Ryfest Informasjon og medverknad	7. september 2024

Kommunestyret Vedtak planstrategi Fastsetting Planprogram Oppstart samfunnsdelen	12. september 2024
Kunngjering av oppstart kommuneplanen Samfunnsdelen	Ila veke 39 – september 2024
MEDVERKNAD /INNSPEL sjå kap 4.2 Gjestebod	September – til midten av november 24
Administrasjonen utarbeider planforslag	Ferdig ila veke 5 - januar2025
Formannskapet behandlar forslag	Februar 2025
Kommunestyret vedtar planforslag Kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi	Februar 2025
Informasjon og kunngjering av planforslag	Februar – April 2025
MEDVERKNAD/INNSPEL sjå kap 4.2 Folkemøter med politisk deltaking	Mars-April 2025
Administrasjonen arbeider med innspel/merknader – nytt forslag etter høyring	Mai 2025
Regionalt planforum	Mai 2025
Prosess med Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Seniorrådet	Mai 2025
Formannskapet behandlar endeleg forslag	Juni 2025
Kommunestyret Vedtak Kommuneplanens Samfunnsdel Inkl arealstrategi	Juni 2025
Kunngjering vedtatt plan Informasjon	Juli 2025
Oppstart Kommuneplanens arealdel	August 2025
MEDVERKNAD/INNSPEL sjå kap 4.2.	August - Oktober 2025
Utgreiingsarbeid/ kunnskapsinnhenting	Ila 2025
Administrasjonen utarbeider planforslag inkl arbeid med Risikoanalyse og konsekvensutgreiing	Ila 2025
Planforslag ferdig utarbeidd	Ila Januar 2026
Politisk behandling formannskap og Areal-og forvaltningsutvalet	
Vedtak planforslag Kommunestyret	Februar 2026
Kunngjering og informasjon om planforslaget	Start mars 2026
MEDVERKNAD/INNSPEL Sjå kap 4.2.	Mars – April 2026
Arbeide med forslag etter høyring	Vår 2026
Avklaringsmøter/dialog eksterne myndigheter	Vår 2026
Vedtak formannskap og kommunestyre Kommuneplanens Arealdel	Juni 2026

4.6 Utgreiingsbehov i planfasen

- Borgerundersøkelsen 2024 Sentio Research Norge – fokus på attraktivitet
- Areal-og naturregnskap
- Kartlegging av sårbarhet ift klima
- Kopling mot Agenda Kaupang sitt arbeid /Utviklingstrappa.
- Naturmangfald – kartlegging vha fagkonsulentar
- Innhente konsulenthjelp til Konsekvensutgreiing arealdelen
-

4.7 Tilleggsmoment ved behandling i kommunestyret 13.6

Det vart ved behandling av forslag til høyringsframlegg gjort slikt vedtak vedr. suppleringsdokumentet:

Forslag til kommunal planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen vert lagt ut til høyring med følgjande endringar:

Råd for menneske med funksjonshindring har følgjande forslag til medvirking i arbeidet med kommuneplanen:

•Halde folkemøte

•At innbyggjarar kan sende innspel på digitale skjema.

•Råd for menneske med funksjonshindring foreslår følgjande tema til møter/spørsmål:

•Universell utforming

•Sosiale møteplasser

•Fysisk tilrettelegging av boliger

•Pårøranderolla

Seniorrådet har følgjande innspel til planarbeidet:

•Fleirtalet av leilighetene på LH1 bør seljast til seniorar som kan bu der resten av livet, og kommunen bør vurdere å gå inn på eigarsida for å sikre dette

•Kommunen må fortsette å jobbe med å få på plass bustader tilrettelagt for eldre.

•Kommunen bør vurdere å opprette eit bustadkontor •Det bør det vera universelt utforma møteplassar og aldersvennlige benkar i alle bygder.

•Det bør vera gang- og sykkelveier og universelt utforma turveier i bygdene våre.

Seniorrådet har følgjande innspel til korleis kommunen kan få til god medvirking i arbeidet med kommuneplanen:

•Ope folkemøte på omsorgssentra

•Postkasse på Ryfest

- *Innbyggjarundersøking*

Tillegg til forslag til planprogram pkt 4.1 «Kva skal ein vektleggje i kommande kommuneplan - samfunn og arealdel:

- *Mangfaldig bustadtilbod*

•Oppdatering av senterstruktur – har Hjelmeland ein forventningsavklarande senterstruktur? Kva funksjonsblanding og utbyggingsstruktur gir best og ønskja stadutviklinga for heile kommunen

5 PRIORITERING AV PLANARBEID

Planstrategien 2020-23 har eit heilt kapittel med opplisting av gjeldande planar og prioritering av både planarbeid og meir utgreiingsarbeid.

Enkelte kommunar har – i staden for ei slik liste – innført det prinsippet at denne prioriteringa skal skje i samband med årleg handlingsplan og budsjett.

Lista over planar i Hjelmeland, med unntak av reguleringsplanar og meir fagorienterte arbeidsplanar ser slik ut:

I arbeidet med planstrategi må ein avgjera om ein skal laga ei felles prioriteringsliste som del av strategien, eller om ein skal gjera ei årleg prioritering i handlingsplan/budsjett.

KOMMUNEPLAN-/DELPLAN/REGULERINGSPLAN					
Plan	Plantype	Periode	Sist vedteken	Revisjon	Hovudansvar
Kommuneplanen sin samfunnsdel m/klimaplan	Kommuneplan	2019 – 2031	2019	2024/2025	Kommune- direktør
Kommuneplanen sin arealdel	Kommuneplan	2019 - 2031	2019	2025/2026	Kommune- direktør
Kommuneplanen sin handlingsdel/ økonomiplan	Kommuneplan	2024 - 2028	2023	2024 <i>Årleg revisjon av handlingsdel/økonomiplan</i>	Kommune- direktør
Årsbudsjett	Budsjett	2024	2023	2024	Kommune- direktør
Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering	Kommunedelplan	2025 - 2029	Ny	2022/2024 <i>(Skal seinare innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel)</i>	Kommune- direktør
Kommunedelplan for naturmangfald	Kommunedelplan	2026 - 2030	Ny	2024/2025 <i>(Skal seinare innarbeidast i kommuneplanen)</i>	Kommune- direktør
Reguleringsarbeid gangveg Solvang bustadfelt til Sande	Reguleringsplan	2025 - <i>(Overført frå førre planstrategi)</i>	Ny	2025/2026	Kommune- direktør
Reguleringsarbeid Hjelmelandsvågen - Sande	Reguleringsplan	2027 <i>(Området må avgrensast nærare før oppstart)</i>	Ny		Kommune- direktør
<i>(Jamfør vedtak i formannskapet sak 15/24)</i>					

TEMAPLANAR

Oppvekst

Plan	Plantype	Periode	Sist vedteken	Revisjon	Hovudansvar
Langsiktig utviklingsplan for Hjelmelands-barnehagen	Handlingsplan	2023 - 2027		2027	Oppvekst
Årleg utviklingsplan for Hjelmelands-barnehagen	Handlingsplan	2023 - 2024		Årleg	Oppvekst
Langsiktig utviklingsplan for Hjelmelands-skulen	Handlingsplan	2023 - 2027		2027	Oppvekst
Årleg utviklingsplan for Hjelmelands-skulen	Handlingsplan	2023 - 2024		Årleg	Oppvekst

Helse og omsorg

Plan	Plantype	Periode	Sist vedteken	Revisjon	Hovudansvar
Ruspolitisk handlingsplan <i>(integrere alkohol-politisk plan)</i>	Temaplan	2020 - 2024		2024 (2027)	Helse og omsorg
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Handlingsplan	2021 - 2024		2024	Helse og omsorg
Handlingsplan om førebygging av sjølvskading og sjølv mord	Handlingsplan	2022 - 2026		2026	Helse og omsorg
Handlingsplan for førebyggjande arbeid 0 – 18 år	Handlingsplan	2022 - 2026		2026 Årleg revisjon av tiltaksliste/ vedlegg	Helse og omsorg
Smittevernplan	Handlingsplan	2020 -		Ved behov	Helse og omsorg
Folkehelse-kartlegging <i>(Jamfør folkehelseloven §§ 5 og 6)</i>)Kartlegging	2023 - 2027		2027	Helse og omsorg

Samfunn og næring					
Plan	Plantype	Periode	Sist vedteken	Revisjon	Hovudansvar
Bustadpolitisk plan <i>(Tidlegare bustadsosialplan og bustadstrategi)</i>	Temaplan	2025 - 2029		2024/2025	Samfunn og næring
Plan for kommunale uteområde <i>(inkludert leikeplassar og grøntområde)</i>	Temaplan	2025 - 2029		2024/2025	Samfunn og næring
Hovudplan for vatn og avlaup	Temaplan	2025 -		2025	Samfunn og næring IVAR
Trafikktryggleiksplan	Temaplan	2023 - 2027		2027 <i>Årleg revisjon av tiltaksliste</i>	Samfunn og næring
Frivilligstrategi	Strategi	2023 - 2027		2027	Samfunn og næring
Plan for fritidstilbod barn og unge	Temaplan	2026 - 2030 <i>(Overført frå førre planstrategi)</i>		2026	Samfunn og næring
Kulturarv/ kulturminne	Temaplan	2017 - 2029		2025	Samfunn og næring
Plan for idrett og friluftsliv	Temaplan	2005 - 2009		2025 <i>(Årleg revisjon av tiltaksliste)</i>	Samfunn og næring
Sti og løypeplan	Temaplan	2026 – 2030 <i>(Overført frå førre planstrategi)</i>		2026	Samfunn og næring
Næringsstrategi m/handlingsplan	Strategi/ handlingsplan	2022 – 2032 <i>(Handlingsplan 2023 – 2024)</i>		2032 <i>(Revisjon handlingsplan 2025)</i>	Samfunn og næring
Strategi for reiselivsutvikling	Strategi	2024 - 2028		2024	Samfunn og næring
Handlingsplan landbruk	Handlingsplan	2023-2026		2026	Samfunn og næring
Organisasjon, HR og beredskap					
Plan	Plantype	Periode	Sist vedteken	Revisjon	Hovudansvar
Heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)	Kartlegging	2024 - 2028		2028 <i>(Årleg revisjon)</i>	Organisasjon, HR og beredskap
Beredskapsplan	Beredskapplan	2021 - 2024		2024	Organisasjon, HR og beredskap

**STØRRE
UTREIINGAR/KARTLEGGINGAR/SERTIFISERINGAR/PROSJEKT**

Plan	Plantype	Arbeidsperiode/ ferdigstilling	Kommentar	Hovudansvar
«Innsatstrappa»	Kartlegging	2024 - 2025		Kommune- direktør
Miljøfyrtårn- sertifisering/- resertifisering	Sertifisering	Løpande		Kommune- direktør
Behov for bustadar for vanskelegstilte	Oversyns- dokument	På plass før 1.7.2027	Jamfør boligsosialloven § 5	Helse og omsorg
Sentrumsprosjekt Fister	Utviklings- prosjekt	2026 - 2027		Samfunn og næring
Sentrumsprosjekt Årdal	Utviklings- prosjekt	2026 - 2027		Samfunn og næring